

Jødiske innvandrere i Kristiania 1851-1942

I 1851 vart den såkalla jødeparagrafen fjerna frå den norske grunnlova, og fyrst då opna landet grensene for jødisk innvandring. Dei fyrste åra var det likevel få jødar som kom. Men frå om lag 1880 vart og Noreg mottakar av



ein liten del av den store emigrasjonen av jødar frå Aust-Europa. Til saman har det fram til hundreårsskiftet vore snakk om omlag 1000 jødar som kryssa dei norske grensene. Fleirtalet kom til å halda til i hovudstaden. Kven var desse innvandrarane, og korleis gjekk det med dei i det nye landet?

Migrasjon og integrasjon på individnivå

Ein metode å studera migrasjon og integrasjon på er å fylgja innvandrarane på individnivå. Kjeldene som har blitt brukt er folketeljinga frå 1900 og deler av folketeljinga frå 1910. Folketeljingane inneheld opplysningar om kva trossamfunn personane tilhørte, og på den måten kan ein raskt søka seg fram til dei mosaiske trusvedkjennarane. (Kristiania 1900: 392 individ, Jakob og Paulus sokn 1910: 423 individ).


I tillegg har det i samband med hovudfagsprosjektet som denne framstillinga bygger på, vorten henta individ og samla individoplysningar frå ei rekke andre nominative kjelder. Dette har spesielt vore viktig for å kunna fylgje innvandrarane sine livsløp framover i tid, sidan det ikkje er vorten dataregistret kjelder frå den nyaste tida. Den gruppa som vart fylgd er jødiske innvandrarar som kom til Kristiania i perioden 1851 til 1900 (551 individ), samt barna deira født i Kristiania i same perioden (183 individ).

Nokre resultat

Ein stor del av innvandrarane kom frå dei same områda

- 1/2 av innvandrarane i undersøkingsgruppa var født i det russiske tsarriket og 1/4 av dei frå dei nærliggjande guvernementa Kovno, Vilna, Suwalki og Lomza.

- Innanfor her var det igjen tre kjemeområde for emigrasjonen, og fleire kom og frå dei same landsbyane.



Kart: Det jødiske busebudsområdet i Russland

Innvandringa hadde element av kjedemigrasjon

Dei fyrste innvandrarane bidrog direkte til at fleire kom etter. Ofte reiste familien fyrst, medan resten av familien kom etter. Det hende òg at einselege menn etterkvart gifta seg med nokon frå heimstaden sin som så flytta etter.

- Blant ektepar frå undersøkingsgruppa der nøyaktig innvandringsår er oppgjjeven, hadde mannen reist fleire år i førevegen i litt under 1/3 av tilfella.

- 2/3 av mennene i undersøkingsgruppa som gifta seg i Noreg, gifta seg med utanlandske kvinner. Over 1/4 av desse kvinnene innvandra samtiøig med eller etter giftermålet.

Innvandrarane reiste i etappar

Spesielt var det mange som hadde oppheldt seg ei tid i Sverige. Det var heller ikkje alle som vart verande i Kristiania.


- 1/4 av innvandrarane frå Aust-Europa i undersøkingsgruppa hadde eitt eller fleire barn eller yngre søsken født i Sverige før dei kom til Kristiania.

- 1/2 av innvandrarane i undersøkingsgruppa slo seg ned i Kristiania for godt. Dei som reiste drog vidare til USA, reiste tilbake eller slo seg ned andre stader i Noreg.

Innvandrarane busette seg spesielt i eit område i byen

Dei sette sitt preg på området Hausmannskvartala og nedre del av Grünerløkka, sjølv om busebudsnetten aldri gav grunnlag for å snakke om noko jødekvartar slik det var tilfelle i ei rekke andre europeiske byar.

Kart: Busebudsnettet hjå dei jødiske innvandrargruppa i 1900



- I 1900 budde 39% og i 1910 44% av alle dei jødiske innbyggjarane innanfor Jakob sokn (=Hausmannskvartala og nedre del av Grünerløkka)

- I 1900 var under 2% og i 1910 under 3% av den totale folkemengda jødiske. I Jakob sokn var dei tilsvarende tala 1,1% i 1900 og 2,4% i 1910. I Ostenhaugsgate var begge åra over 7% av innbyggjarane jødiske.

Etablerte innvandrarar flytta ut av det jødiske busebudsområdet

Spesielt var det andre generasjonen som flytta ut frå dette området då dei stifta eige bu. Foreldra deira veldt oftare å bli verande i området.


- 28% av 1. generasjon i undersøkingsgruppa og 8 % av 2. generasjon (under 15 år ved innvandring eller født i Kristiania) budde i Jakob og Paulus sokn i 1940

Innvandrarane plasserte seg i spesielle nisjar i arbeidslivet

Fleirtalet av innvandrarane vart sysselsett i handelsnæringa. Dette var spesielt for Kristiania, samanlikna med andre europeiske hovudstadar, der fleirtalet av dei jødiske innvandrarane etterkvart vart sysselsett i handverk- og industrisektoren.

Delen sysselsette i handelsnæringa var her og tydeleg høgare hjå den jødiske innvandrargruppa enn hjå resten av folkemengda, spesielt når det gjaldt varehandelen med forbruksvarer som manufakturvarer, frukt og tobakk. Dei same varene var sentrale for dei som arbeidde i handverk og industrisektoren.

Figur: Ykessfordelinga hjå dei jødiske innvandrargruppa, 1851-1900, folkemengda i Kristiania og folkemengda i Noreg



- I 1900 var 69 % og i 1910 67 % av alle dei jødiske yrkesaktive innbyggjarane sysselsett i handelsnæringa. (Tala for 1910 gjeld for Jakob og Paulus sokn)

- Både i 1900 og 1910 var over 80% av jødane i handelssektoren sysselsett med handel med manufakturvarer, sko eller frukt og tobakk og over 60% i handverk- og industrisektoren sysselsett i konfliktsjans- eller skotybransjen eller i sigaretindustrien.

Innvandrarane opplevde positiv sosial mobilitet

Den sosiale mobiliteten skjedd dels ved at einkilde individ klåtra oppover og dels ved ei heving av posisjonen mellom generasjonane. Fabrikkarbeidarar vart innehavjarar av små forretningar, omførselshandlarar vart grosserarar, og barna deira tok utdanning.

- I 1900 var 60 % av jødane i handelsnæringa omførselshandlarar medan 17 % hadde eige forretning. I 1920 var dei tilsvarende tala for undersøkingsgruppa 6% omførselshandlarar og 69% forretningsdrivande.

Referanse: Gjernes, Marta (2007): *Jødar i Kristiania: dei fyrste innvandrarane si geografiske og sosioøkonomiske plassering i samfunnet frå 1851 til 1942*. HL-senteret sin skriftserie, 2. Opphavleg levert som hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo 2002.

Marta Gjernes
Stipendiat
Institutt for arkeologi, konservering og historie
Universitetet i Oslo
marta.gjernes@iakh.uio.no

Data er digitalisert av Registeringssentral for historiske data, Universitetet i Tromsø og Digitalarkivet